





Nye bueiningar - s. 4

Dugnadsinnsats - s. 7

Ny bok - s. 20

# BOKN BYGDABLAD

Nr. 6 august/september 2016 – Årg. 31



Storstilt opning - s. 10

KJEKT PÅ BOKN



# ORDFØRAREN HAR ORDET

**Kjære boknerar!**
Da er den velfortjente ferien over for de fleste og vi er tilbake i det daglige virke. Etter en sommer med varierende vær kan vi i alle fall slå fast at starten på høsten har vært strålende.

For Bokn blir det en spennende høst med høy aktivitet og utrolig mange store saker på programmet.



*Bokn Arena - foto: Ørjan Pedersen*

**Åpning av Bokn Arena**
Vi gleder oss til åpning og folkefest med åpent hus av Bokn Arena 1. oktober. Etter at mange har fått hummerteinene i sjøen er det klart for storslått åpning kl. 12.00. Videre utover dagen vil Bokn`s flotte idretts-, kultur- og frivillighetsliv bli vist frem. Jeg er sikker på at dagen blir minneverdig for alle som deltar.
Bokn Arena blir et bygg som kan huse et vidt spekter av aktivitet. Prisen på prosjektet er ca. 41 mill kr., et stort løft som vi skal ha tilbakebetalt i form av aktivitet og glede. Jeg håper arenaen blir brukt hele året, hele døgnet, og til alle formål som kan tenkes i et slikt bygg. Det skal utgjøre en forskjell for Bokn at vi har gjort denne investeringen. Ta godt vare på Bokn Arena og bruk det for alt det er verdt.

**Fylkesmannes innstilling til ny kommunestruktur**
7. september var ordfører og rådmann i møte med fylkesmannen i forbindelse med kommunereformen. Møtet var et ledd i fylkesmannens arbeid med å legge frem en tilråding til regjeringen for ny kommunestruktur i Rogaland. Totalt 9 kommuner var innkalt til hvert sitt møte. Møtet var en times gjennomgang av kommunenes syn på fremtiden.

Den 27. september blir innstillingen fra fylkesmannen lagt frem. Resultatet av fremlegget legges på nettsidene til Bokn Bygdablad da dette innlegget er skrevet før resultatet fra fylkesmannen foreligger. Det blir et spennende fremlegg, da det vil bety mye for hva stortinget endelig bestemmer våren 2017.

**Føresvikvegen**
Føresvikvegen nærmer seg en etterlengtet oppstart. Statens vegvesen har vært på flere møter i Bokn. I det siste møtet ble det opplyst at entreprisen på arbeidet nå blir lyst ut, og at det regnes med at entreprenør for arbeidet velges ut rundt nyttår. Prisen det skal bygges vei for er 25 mill. kr. Hvis alt går etter planen opplyser Vegvesenet at gravemaskinene vil være godt i gang før påske 2017.

**Informasjon- ny 4-felts E39**
Statens Vegvesen planlegger ny 4-felts E39 fra Arsvågen til Os. Dette er en planlegging mange har hørt om, men de fleste vet lite om. Den 4. oktober vil Statens vegvesen invitere til informasjonsmøte i Bokn Arena. Det er ventet informasjon om status for arbeidet og gjennomgang av de trasealternativer som er aktuelle gjennom Bokn.

**Kurs i samfunnsentreprenørskap**
I november blir det oppstart av kurs i samfunnsentreprenørskap i Bokn. Det er Bokn bondelag som arrangerer kurset. Kurs i samfunnsentreprenørskap er høyaktuelt i Bokn. Kurset er for alle, enten du er, eller vil bli selvstendig næringsdrivende. Om du driver frivillig arbeid eller av andre grunner vil lære mer om temaet.

Kurset handler blant annet om å utnytte resursene vi har i Bokn, hvordan vi kan dra veksler på hverandre, og hvordan Bokn kan bygges og utvikles videre. Dag Jørund Lønning fra Høgskulen for landbruk og bygdenæringar på Jæren som kursansvarlig. For de som vil melde seg på eller har spørsmål kan de kontakte Erik Eikje eller Ivar Ognøy. Jeg oppfordrer alle som føler at dette kan være noe til å melde seg på. Bokn trenger gode samfunnsentreprenører.

Ønsker alle en fin høst.

*Hilsen ordføreren*

# Nytt fjes ved NAV Bokn

Jardar Havikbotn

**1. august begynte Anne Birgitte Rokstad Norgård i 50%-stilling som rettleiar ved NAV Bokn.**

33-åringen frå Tysvær bur i Hervik saman med mann og to barn. Ho er utdanna sjukepleiar ved HSH og har jobba 10 år på Haugesund sjukehus. Det siste halve året har ho tatt ekstravakter på Bokn sjukestove.

Tysvær-dama er student ved sida av jobben og tar vidareutdanning i helsefremjande arbeid. Ho tar ein fordjuping i arbeidsmiljø og helsefremjande arbeidsplassar, og held nå på med Master.

Anne Birgitte vil m.a. jobba mykje med sosialsaker, kommunale stønader, ungdomsbustader og økonomisk gjeldsrådgjeving.



***Anne Birgitte Rokstad Norgård***

Den familiekjære dama har friluft og jakt som hobby. Kvart år er det jegerprøve med etterfygjande jakt på hjort og rådyr på familiegarden.

**Du treff henne fast på onsdagar og fredagar. I oddetalsveker er ho på Boknatun på tysdagane også - tlf. 52 75 25 18.**

# Hjelpemiddelkontakt

Jardar Havikbotn

**Fysioterapeut Ingeborg Sæbø begynte 19. august som hjelpemiddelkontakt i 20%-stilling. Ho vil vera på Boknatun på fredagar og ha felles kontor saman med  Miriam Berland i 2. etasje - tlf. 52 75 25 36 (gamle biblioteket).**

For dei som lurar: etternamnet hennar kjem frå Sæbø på Halsnøy. Ho skal heller ikkje driva behandling i Bokn kommune. Geir Austvik held fram som før.

**Funksjonsvurderingar og kartlegging**
30-åringen, som bur i Førre med mann og tre barn, jobbar også 80% med arbeidsretta rehabilitering ved Solstein på Vea. I Bokn skal ho driva med funksjonsvurderingar og kartlegging av t.d.



***Ingeborg Sæbø***

behov for hjelpemidlar for heimebuande eldre. Ho vil også tilretteleg- ga, iverksetta og fylgja opp drifta av hjelpemidlane. Den nye fysioterapeu-

ten skal altså ikkje driva behandling.

**Bu i husa sine**

Leiar for helsefremmande og førebyggande arbeid/psykisk helse, Miriam Berland, fortel at det er fullt på sjukestova og stor pågang på omsorgsbustader.

- Det er fornuftig å gjera nokre grep for at folk skal bu i husa sine lengst muleg. Dette er eit lavterskeltilbod og folk kan også ringa utanom fredagane og melda inn behov, seier ho.

Ingeborg tok Bachelor i fysioterapi i Bergen. Ho hadde turnus ved Revmatismesjukehuset i Haugesund og i Tysvær kommune. Så jobba ho i kommunane Karmøy, Haugesund og Tysvær før ho begynte ved Solstein på Vea i 2012

Trass ung alder har ho også tatt vidareutdanning i Motiverande intervju, Tverrfagleg rehabilitering og Arbeidshelse-folkehelse for fysioterapeutar. På fritida har ho fotballbakgrunn og likar å halda seg i fysisk aktivitet.



# Nye bueiningar

Jardar Havikbotn

**Bokn Eiendom AS har fire leilegheiter for sal sentralt i Føresvik. Det blir raskt oppstart når to eller tre av dei er selde.**

Dette seier innehavaren av Bokn Eiendom AS, Lars Norekvål, til Bokn Bygdablad. Huset i to etasjar blir det tredje leilegheitskomplekset han set opp i Føresvik. Alle bueiningane han har hatt for sal er selde.



*Lars Norekvål med sonen Ådne på byggetomta. Boknatun i bakgrunnen.*

**Livsløpsstandard**

Idéen med huset, som t.d. berre vil ligga ca. 150 m frå sjukestova, er tilpassa seniorbustader med livsløpsstandard; å få til eit godt miljø med godt vaksne menneske som vil etablera seg i sentrum av Bokn, med svært kort veg til det meste. Men Lars presiserer at det er markedet som styrer korleis det vil bli, og han har hatt interesse frå fleire unge folk også.

**Berre møblar**

Prisen på det som iflg. Lars er gunstige (80% husbankfinansiering) og nøkkelklare leilegheiter på 67m2 med alle kvitevarer inkluderte, er kr. 1.815.000 for dei i 1. etg. og kr. 1.865.000 for dei i 2. etg. Folk som vil flytta inn her treng berre å ta med seg møblar.

**Interesserte kan få meir konkret info om leilegheitene på finn.no - med kode 80751963.**




*Oversiktsbilde frå Finn-annonsa, med aktuell tomt og parkeringstomt.*

# Bokn Bygdablad for 25 år sidan

**FRÅ NR. 6 1991**

## 500 blei LANDFAST i BOKNAVEKA

Dei tre dagane revyen LANDFAST hadde forestilling på Bokn skule var heile 500 innom.

Bokn brass sine aktørar skal ha honnør for det arbeidet dei har lagt ned i revyen, som stort sett blei gjennomført utan svake punkt.

Best var sang- og musikkinnslaga. Dei verbale sekvensane kunne hatt betre instruksjon, men temaene var aktuelle, og fekk publikum med seg.

Kommunen og Plasten blir aldri oppbrukt i revysamanheng på Bokn. I år var særleg skulesjef, etatsjefar og den generelle kommunale service utsett, til stor fornøyelse for publikum.

Også nabokommunen med gassindustrien fekk sitt i ein artig vri som løyste på lattermusklane.
Miljø er eit aktuelt tema for tida, også i Bokn, og dette hadde ikkje gått forfattarane forbi. Også kongebesøket og det som fylgjer med av førebuingar fekk sitt. Sjøl "kombikatten" hadde eige innslag.

Så var det sjølsagt som revytittelen antyda fleire innslag om overgangen frå øykommune til det å vera landfast, med nostalgiske tilbakeblikk på boknaferja, fartsfantom på dei nye vegane og om Arsvågen som framtidig senter i kommunen. Men Bokn Fiskemottak gjekk ikkje fri. For anledningen var det omdøypt til Bokn Sladdermottak.

Ordføraren bidrog med missekonkurranse som gjorde stor lukke.

Bokn Brass drog revyen godt i land, og mange ynskjer nok at det ikkje går 10 år til neste revy, slik som tilfelle var nå.

Litt nostalgisk og meir til ettertanke var vel visa om steingarden og den om Bokn, og gjorde sitt til at det blei balanse og variasjon.

Dei unge musikarane gjorde ein kjempefin jobb.

Det er vel god grunn til å gratulera tekstforfattarar, aktørar, musikarar og scenearbeidarar med ein flott innsats.

HUMOR
for ein kvar smak....



BOKN BRASS

5

## Omsetning av eigedomar i Bokn

Kjelde: Statens kartverk

**Lyngvegen 2 (Gnr 9, bnr 47)** er overdradd fra Roar Håland til Silje Marie Håland **(30.06.2016)**

**Andel av Øyren 68 (Gnr 5, bnr 47)** er overdradd for kr 64.000 fra Bokn kommune til Astrid Marie Aksdal **(04.07.2016)**

**Øyren 3 (Gnr 4, bnr 23)** er solgt for kr 3.050.000 fra Hagen William Olsen til Kristoffer Nilssen og Åse Kvinnesland Øvrebø **(05.07.2016)**

**Gnr 19, bnr 77** er solgt for kr 1.000.000 fra Hans Oluf Dahl til Petter Ommundsen **(07.07.2016)**

**Vågavegen 134 (Gnr 7, bnr 32)** er overdradd fra Mona Våga til Ruben Våga **(07.07.2016)**

**Øyren 52 (Gnr 5, bnr 21)** er solgt for kr 3.600.000 fra Brynhild Tranberg og Kurt Edgar Tranberg til Irene Kro og Bjarne Nedrebø **(15.07.2016)**

**Gnr 3, bnr 37** er solgt for kr 400.000 fra Einar Tore Øvrebø til Harald Fiskaaen og May Lisbeth Bosvik Fiskaaen **(26.07.2016)**

**Havnavegen 2 (Gnr 11, bnr 127)** er overdradd fra Gustav F Kjellesvik til Else Marie Kjellesvik **(02.08.2016)**

**Gnr 16, bnr 16** er solgt for kr 750.000 fra Ingri Are og Cruz Joao Pedro Cortinhas til Helge Kristian Nilssen **(11.08.2016)**

**Vågavegen 130 (Gnr 7, bnr 33, seksjon 1)** er solgt for kr 2.600.000 fra Bjarne Nedrebø til Ruben Våga **(17.08.2016)**

**Vågavegen 126 (Gnr 7, bnr 31, seksjon 1)** er solgt for kr 2.600.000 fra Anne Tove Øvrebø til Amalie Våga **(17.08.2016)**

**Gnr 24, bnr 32** er overdradd fra Knut Reidar Borgenvik og Odd Jakob Borgenvik til Anja Borgenvik, Katrine Borgenvik og Rita Borgenvik Hansen **(19.08.2016)**

**Gnr 15, bnr 11** er solgt for kr 3.185.000 fra Ellen Marie Ruud Aursland og Harald Aursland til Hilda Kjeldstad og Kristen Kjeldstad **(18.08.2016)**

**Gnr 11, bnr 302** er solgt for kr 123.600 fra Bokn kommune til Øyvind Jordbrekk Ognøy **(25.08.2016)**

**Gnr 15, bnr 23** er solgt for kr 2.710.000 fra Håvard Hetland til Jan Egil Pettersen og Wenche Eide Pettersen **(29.08.2016)**

Kartverket

# Konfirmantpresentasjon

Tekst: Jan Magne Moi - foto: Merete Alvestad

**Søndag 2. september var det konfirmantpresentasjon.**

Årets konfirmantar er ni og det var ni av 50-års-konfirmantane som møtte opp. Mens 10 60-års-konfirmantar stod oppstilt, hadde sokneprest Arne Aurdal eit intervju med Sigvart Våga. For han var det 70 år sidan han stod til konfirmasjon.

Årets konfirmantar hadde førebudd gudstenesta med fingermalte plakatar til dåpssalma «Fylt av glede». Dei var også med på å dramatisere preiketeksten.

Dei frammøtte fekk møte flotte knippe av konfirmantar frå ulike årskull.




***Kjell Terje Bryningsland, Dagfinn Ingar Jørgensen, Laurits Gerhard Alvestad, Magnar Inge Are, Torunn Irene Djønne, Jarle Jøsang, Bjørn Gunnar Nedrebø, Lindy Helen Haram og Helga Foss.***



***Dramatisering ved årets konfirmantar. Fv. Lene Vatnaland, Maja Mikkelsen og Gaute D. Jøsang .***




***Ingunn Trosnavåg Våge, Laila Lillian Aksdal Jensen, Eldfrid Øvrebø Nyseth, Else Kjellaug Ellingsen Bjelland, Ada Alvestad Herabakke, Bjørg Grønnestad Bokneberg, Gerd Marit Alvestad Rygh, Bjørn Øvrebø, Leiv Våga og Torleif Jøsang.***




***70 års konfirmant Sigvart Våga blir intervjua av Arne Aurdal.***

# Kampen om Vikingskipet

Jan Magne Moi

Det årlege storarrangementet for speidarane på Bokn, er «Kampen om vikingskipet». Då er det speidarar frå heile Haugalandet, frå Karmøy i vest til Vats i aust. Det er eit utruleg arbeid Bokn leiarane og foreldra legg ned for å kunne gjennomføre dette programmet. Det er val mellom 25 forskjellige postar. 132 speidarar tok



*Speidarleiar Tor Harald Alvestad prøver seg også, godt assistert av fire ivrige vev-kjerringar; Ragna Alvestad, Ingunn Våga, Ingebjørg Alvestad og Wenche Jøsang.*

del.

Utgangspunktet for «kampen» dette året, var den gamle skulebygningen, også kalla Petra-huset. Øvst oppe



*Her er dramarisering frå hoffet rundt Olav den Heilage.ne seg bra. To lag var blant dei tre beste.*

står det mange vevstolar. Ein av postane vart for første gong lagt opp dit. Dei gruppene som trekte ut den posten, måtte opp å klippe eller rive strimler som skulle vevast inn i eit



*Ivrig speidar legg inn stoff i veven.*

teppe. Teppet skal seinare loddast ut på basaren.

Arrangementet startar kl 20.00 og slutta med samling i kyrkja 23.45.

Denne gongen hevda Bokn-speidarane seg bra. To lag var blant dei tre beste.

# Dugnad for Bokn Arena

Jardar Havikbotn

**24. september monterte ordføraren sminkebord, varaordføraren skal stå for drifta av bygget og Bokn Senter-ungdom skal klippa plenen.**

Det manglar ikkje på innsats og initia-tiv for å få bidra til at Bokn Arena skal bli Bokns nye storstove. Frå tidlegare er det kjent at varaordførar Lars Sig-mund Alvestad tar på seg ansvaret for drifta av bygget.

Han dukka også opp då ordførar Tor-mod Våga 24. september sette opp sminkebord og spegel på eit av rom-ma ved sida av scenen. Dette låg ikkje inne i leveransen frå Haaland & Thuestad, men viste seg å ikkje vera noko problem for ordføraren, som i tillegg til å vera los også har fagbrev som tømmermann. Alt kom opp på rundt 25 min., til glede for m.a. Bokn revylag som skal ha revy der 1. okto-ber.

**Plenklipping**

I samband med bygginga av fleir-brukshallen var det snakk om dug-nadsarbeid. Dette blei det ikkje noko



*FEKK GOD HJELP: Fv. varaordførar Lars S. Alvestad, ordførar Tormod Våga, Eirik Ned-rebø og Kjetil Østebøvik. Spegelen er sponsa av Tysvær Glass.*

av, difor ynskjer Bokn Senterungdom framover å bidra med å klippa ple-nen. Det fortel leiar av ungdomsorga-nisasjonen, Tonje Medhaug, til Bokn Bygdablad. 19-åringen seier dei hå-par fleire hiv seg på trenden og tilbyr seg å gjera litt dugnadsarbeid for storstova. Senterungdommen i Bokn har 26 medlemmer.

Allereie før Bokn Arena er i drift ty-der mykje på at bygget verkar sam-lande for bygdafolket og blir ein stad der idrett og kultur vil gå hand i hand.

# Bokn vassverk

Kjell Arne Valentinsen

*Siste opptatering av framdrift på nye Bokn vassverk.*

**Inntaksledning i Torlandsvatnet:**
I forhandlinger med NVE/Fylkesmann med flere, hadde vi forhandlet oss til å få senke vannstanden på Torlandsvatnet med 2,5 meter.

Vi mente da at vi skulle kunne jobbe "tørt" i området rundt selve pumpestasjon og ut i grøfta til selve vannet.

Aldri før har vi fulgt værvarselet så grundig, men for hver dag med opplett kom det ned noen byger som ikke var sanne.

Selv om vi greide å grave en 1,3 meters grøft ved dagens utløp greide vi snøgt å holde vannstanden.

Vi prøvde også å lage heverter, dvs. 2 stk. 160 mm rør som ved hjelp av høydeforskjell skapte et vakuum som sugde vann fra høyest til lavest punkt.

(Det var denne måten en tømte vannet første gang de la ned inntaksledning i begynnelsen på 70- tallet).

Hevertene fungerte brukbart, men som dere alle har sett så har vi fått "litt" regn denne sommeren. Det vi greide å tømme ut med hevertene kom tilbake i mangfold ovenfra.

Det var som å tømme en lekk båt med en sil.

Vi så snart at værgudene ikke ville være med oss, så ved hjelp av kraftige pumper fikk vi koplet opp det nye inntakspunkt i pumpehuset og jobbet oss utover i vannet.

Dette gikk meget bra, og ved hjelp av dyktige fagfolk og en stor gravemaskin fikk vi lagt den nye ledning på plass.

Den nye inntaksledning ble ved hjelp av dykkere plassert på en dybde på ca. 21 meters dyp.

Her viste det seg at bunnen bestod av mer mudder enn forutsett, og da vi prøvestartet pumper fikk vi opp en tykk grøt av slamm.

Dykker ble tilkalt igjen, og det ble satt på et 45 graders bend og 2 meter rørstuss.



Inntaket ligger nå på rundt 19,5 meters dybde. Det er ca. 4 meter lavere en det gamle inntak.

Nå fikk vi et supert resultat. Vi har allerede registrert at dette er det reneste vannet vi har tatt ut av Torlandsvatnet.

Vi har fortsatt mye å gjøre rundt drikkevannet vårt. Først skal vi fjerne busker og kratt som står rundt kanten. Dette for at vi i 2017 skal demme opp Torlandsvannet med 1,0 meter.

Grunnen til oppdemning er at vi forventer storforbruk av vann når Rogfasttunellarbeidet starter.

I en periode på 6-8 år vil vi nærmest tredoble forbruket av rent vann.

Når det gjelder arbeid med det nye vannverksbygget har vi mottatt flere anbud.

Vi arbeider nå med å innhente de siste overslag fra de aktuelle anbydere.







I løpet av uke 38/39 vil vi innlede forhandlinger og velge hvem som får tilslaget på bygging av Bokn vannverk.

# Fagutviklingstur - Bokn barnehage

Tekst: Silje Karin Gismarvik

Fredag ettermiddag 2 september reiste personalgruppa i frå Bokn barnehage på tur til Oslo.

Lørdagen blei brukt til KK mila på Bislett, der me alle gjennomførte 5 km med god stil. KK mila var heilt fantastisk å få vera med på!!










I fint og varmt ver var det ei oppleving me seint vil gløyma. Med flotte t-skjorter frå Bokn Kommune viste me tydeleg kor me kom i frå. Det hadde også speakeren på Bislett tid til å kommentera når me kom inn på stadion.









Om kvelden fekk me og med oss teaterførestillinga "Etterlyst" av Bjørn Eidsvåg på Det Norske Teater.

Søndagen nytta me til besøk av ulike serverdigheter i Oslo. Det var Holmenkollen som var fyrste prioritering, deretter var me innom Slottsparken og Operahuset.

Måndagen hadde me dagen til godt fagleg påfyll. Me møtte Emilie Kinge på Bro Aschehoug. Ho hadde foredrag om adferdsproblematikk i forhold til barn.



Emilie Kinge si evne til å formidla viktig bodskap gjorde at me tok med oss heim fleire nye tankar om viktige tema innan omsorg.




## Dørene opnar kl. 11:30

## Opning kl. 12:00

M.a. Bokn musikkorps, Kjetil Hamre og The Kvednabekkjers medverkar

| | |
|---|---|
| ⇒ Bokn KFUK-KFUM speidarar | Kl. 13:00 |
| ⇒ Bokn seniordans | Kl. 13:45 |
| ⇒ Friskis & Svettis | Kl. 14:05 |
| ⇒ Bokn taekwonDo-klubb | Kl. 14:15 |
| ⇒ Bokn musikkorps | Kl. 14:45 |
| ⇒ Ida Havikbotn | Kl. 15:05 |
| ⇒ Bokn sykkelklubb | Kl. 15:20 |
| ⇒ Bokn idrettslag | Kl. 16:05 |
| ⇒ Bokn barnekor | Kl. 16:50 |
| ⇒ Anne Tove Øvrebø | Kl. 17:00 |
| ⇒ Boknakoret | Kl. 17:45 |

Aktivitetar
Oppvisningar
Sceneinnslag

Konferansiérar:
Tormod Våga
Lars S. Alvestad

Stands
Stor opningskake
Matsal

Bygdarevyen 2016 kl. 18:30

Eg og vil!!!

Dans m/The Kvednabekkjers

Kl. 22:00 - 01:30

# Roverway

## Ei oppleving for livet

Av Simmen Karoliussen

Roverway er eit speidararrangement som blir heldt kvart fjerde år for roverar i heile Europa. Det går ut på å skapa samhald, samt vera eit fredskapande og sosialt arrangement for speidarungdommar.

2. august i år reiste eg ned til Frankrike saman med gruppa mi som bestod av sju andre norske frå Oslo-området og Sunnmøre. Nokre av dei folka hadde eg aldri møtt før, men nå skulle eg tilbringa to veker i Frankrike saman med dei!

Me reiste ned med store forhåpningar, og gjett om dei blei innfridde! Opplegget var i stor grad valfritt, og me hadde muligheita til å velja mellom mange forskjellige vegar/ruter rundt om i Frankrike der me skulle gjera arbeid som var fredskapande, solidaritetsbaserte og/eller miljøbaserte. Ruta me valde var i sør-Frankrike og gjekk ut på solidaritet.

Planen var at me skulle hjelpa til på ein barneheim og med ei humanitær gruppe som heiter Emmaüs, men på grunn av forskjellege årsakar blei det vanskeleg. Derfor gjekk den første veka vår ut på å bli kjent med dei 50 andre speidarane som hadde valt den sama ruta som oss.











*5 000 speidarar samarbeider om eit rettferdig og sameina Europa*

Ruta vår besto av danskar, engelskmenn, italienarar, portugisarar og franskmenn, og alle på alderen 16-25! Trass mange språkvanskar og misforståelsar knytte me fort sterke vennskap.

Den første veka tilbrakte me i utkanten av Roanne på eit jorde med ein liten skog rundt. Det minna ganske mykje om ein vanleg norsk speidarleir, bortsett frå varmen og alle nasjonalitetane.

Dei siste dagane blei me bussa inn til utkanten av Paris, Jambvile. Der møtte me resten av ungdommane som hadde vert på andre ruter rundt om i Frankrike. Det var oppimot 5 000 speidarar. rundt 20 nasjonalitetar!

Dagane i Jambville var fantastiske, mykje opplegg og mykje sameining med andre speidarar frå heila Europa! Dessverre varte ikkje opphaldet særs lenge, 14. august bar det heim til Noreg.

Avskjeden med dei flotte menneska eg vart kjent med dei to vekene blei lang og tårevåt. Nå sit eg igjen med ei heilt fantastisk oppleving, mange minner, lærdom samt venner som eg håpar kan vara livet ut.

Eg oppmodar og anbefaler på det sterkaste om du får muligheit til å bli med på noko slikt, «gjer det!»

Eg vil særskilt takka speidarbevegelsen på Bokn som var villig til å dekkja mykje av deltakaravgifta.



*Dei norske eg reiste med (her manglar ei)*





| LAG/ORGANISASJON | LEIAR | E-POST | TLF. |
|---|---|---|---|
| Austre Bokn Bygdalag | Silje Aksdal | geiaks@online.no | 91532843 |
| Bokn Arbeidarparti | Anne L. Faye | anne.lovereide.faye haugesund.kommune.no | 92213062 |
| Bokn bedehus | Sigmund Alvestad | sigmund@kleivaa.no | 99513972 |
| Bokn bondelag | Torstein Alvestad | torstein@kleivaa.no | 97155627 |
| Bokn båtforening | Kaj Arne Christiansen | kajch89@hotmail.com | 90960035 |
| Bokn Computer Gathering | Vegar Våge | vegar@vpcs.no | 48035182 |
| Bokn danse og ungdomslag | Helge Solberg | helgesolberg@yahoo.no | 41208066 |
| Bokn fiskarlag | Edgar Våge | edgarvaage62@gmail.com | 45030004 |
| Bokn Gatebilklubb | Odd Kenneth Tollaksen | odd.kenneth.tollaksen@gmail.com | 93087679 |
| Bokn Hagelag | Silje Aksdal | geiaks@online.no | 91532843 |
| Bokn Historielag | Leiv Våga | leiv.vaga@haugnett.no | 94144714 |
| Bokn Høyre | Lars Sigmund Alvestad | lal@sdir.no | 95253533 |
| Bokn Idrettslag | Didrik Jansen Alvestad | dr.didrik@hotmail.com | 92607901 |
| Bokn KFUK-KFUM speidarar | Svein Ove Alvestad | svein.ove.a@haugnett.no | 99513972 |
| Bokn Kristelege Folkeparti | Sigmund Alvestad | sigmund@kleivaa.no | 99513972 |
| Bokn MC | Jostein Larsen | jglarsen@haugnett.no | 47866141 |
| Bokn musikkorps | Dagny Grønnestad | dg@highcomp.no | 93084163 |
| Bokn Mållag | Venevil Birkelund | venevil.b@vindafjord.kommune.no | 98439214 |
| Bokn Næringsforum | Helge Solberg | helgesolberg@yahoo.no | 41208066 |
| Bokn Pensjonistforening | Gunnvor Eiksund | jeiks@online.no | 97545063 |
| Bokn ride og køyreklubb | Amalie Våga | amalievaaga@hotmail.com | 98049387 |
| Bokn Røde Kors | Lars Øyvind Alvestad | la-oal@online.no | 94261301 |
| Bokn Sanitetsforening | Reidun Grønnestad | | 97544010 |
| Bokn Sau og Geit | Geir Aksdal | geiaks@online.no | 90954910 |
| Bokn seniordans | Anne Lise Hoffmann | svanos2@online.no | 90785943 |
| Bokn Senterparti | Rune Vatnaland | ruvatn@online.no | 91158547 |
| Bokn skyttarlag | Edgar Våge | edgarvaage62@gmail.com | 45030004 |
| Bokn sykkelklubb | Lars Øyvind Alvestad | la-oal@online.no | 94261301 |
| Bokn taekwon-Doklubb | Jørn Hansen | jornhansen71@hotmail.com | 47444221 |
| Bokn vevstove | Wenche Jøsang | ar-joes@online.no | 98078351 |
| Den indre Sjømannsmisjon | Svanhild Alvestad | svanhild@kleivaa.no | 93415440 |
| Det norske misjonsselskap | Edvin Øvrebø | | 48356520 |
| Føresvik velforening | Audun Høie | audhoi@hotmail.com | 41647754 |
| Havnavegen velforening | Lise Rødde | liserodde@hotmail.com | 41565747 |
| HLF Tysvær og Bokn | Anne Grete Stake | agret-st@online.no | 48009141 |
| LHL Tysvær og Bokn lokallag | Tove Karin Høgemark | lhl.tysvaer-bokn@lhl.no | 99619340 |
| Petra fritidsklubb | Cecilie Odland | cecodl@boknskule.no | 91654216 |
| Sjømannskirken Norsk kirke i utlandet | Elly Borgenvik | | 90647166 |
| Tysvær og Bokn bonde– og småbrukarlag | Vivian L. Huglen | | 93230101 |

Serie

# Eg seie meg så

Birger Lindanger

Sidan det var sommar, presenterte me førre gongen ti gamle og gode boknauttrykk, men som stundom framleis kan høyrast. Og som dei fleste av uttrykka våre, kan dei også stundom høyrast i nabobygdene til Bokn. Difor var det kanskje ikkje så underleg om det denne gongen blei full pott både på Andor og Dagsentergjengen.

**Forklaringar:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. | å sleppa tatle på seg | å snakka meir enn ein hadde tenkt seg |
| 2. | ei beina | ei handsrekning |
| 3. | dalga | å slå |
| 4. | å drypta | å reinska korn med dryptetrau |
| 5. | på fadlande fod | gravid, dags ventande |
| 6. | heise | voldsamt, vanskeleg |
| 7. | å lorka | kan både bety å slå og å sova: An lorka og sov |
| 8. | ein prylert | ein storvaksen kar |
| 9. | skitligt | leitt, dumt, fornærma |
| 10. | ein lagalyr | ein lat og tiltakslaus person |

**Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 15. oktober.**

**Månadens utfordringar, kva betyr**

eit radur
krabbaskjøl
ein saummeis
å herpa seg opp
ei tunlod
ei hodda
ei blinning
eit øyrastikk
ein råbandsknude
å vera myttstilt

Resultat:

| | |
|---|---|
| Andor Borgenvik | 10 poeng |
| Dagsenteret | 10 poeng |

Her er litt å tygga på nå når det haustast! Denne gongen trur eg fleire av uttrykka er nokså spesielle for Bokn.
Dei fleste av desse uttrykka er det Helge Laupland som kan minnast – så mange slags takk til han.
Med det ynskjer me lesarane lukke til i jakta på gamle boknauttrykk. Om de ikkje kjenner att alle med det same,
høyr med eldre folk. Kanskje kan me jamvel ta tilbake nokre gamle seiemåtar som er blitt pressa ut av hovudstadsmålet?

# GRATULERER

**Eiril Wahlgren Lie - 10 år, 19. september.**

Verdens beste Eiril blir 10 år den 19. september! Gratulerer så masse med dagen.

Å hver dag få oppleve din undring og refleksjon av alt rundt deg er en glede.

**Stor klem fra mamma.**



**Giftemål, Vibeke Borgenvik og Simon Dahl.**

Me gifta oss 13. august i Stavanger!

Takk te alle som va med oss denne dagen!

**Klem fra Vibeke og Simon.**



# Å slutta, sluttar, har slutta…

Du har tenkt på det lenge. Du er motivert no, du har berre ikkje heilt bestemt deg for kva dag du skal ta det endelege steget.

Den store, nasjonale røykesluttedagen går av stabelen 24. oktober – kva med å begynne med å slutte, den dagen?

Midt i bladet finn du ein kalender som kanskje kan vera til hjelp. Lukke til!




Helsedirektoratet

# 28 dager til en r

**Dag 1**
Klar, ferdig, GÅ! Akkurat nå har du tatt en beslutning som vil ha mye å si for helsa di. Har du vurdert å bruke legemidler? Det kan gjøre det lettere å håndtere røyksug.

**Dag 2**
Risikoen for hjerteinfarkt er allerede lavere. Ring gjerne Røyketelefonen 800 400 85 og få støtte og tips.

**Dag 3**
Bra, nå er du kommet til dag tre. Er denne dagen litt tøff? Gå inn på Facebook-siden Slutta - din røykeslutt og få støtte av andre som har vært eller er i samme situasjon.

**Dag 4**

**Dag 8**



*Belønn deg selv med et godt måltid.*

**Dag 9**
Få oversikt over hvor mye penger du sparer på å slutte, last ned Slutta-appen gratis.

**Dag 10**

**Dag 11**
Du har komr
For hver røy
som går, vil l
din få det be

**Dag 15**

**Dag 16**
Lungene dine trives som røykfrie og har det mye bedre! Som røykfri får du bedre utbytte av trening.

**Dag 17**

**Dag 18**
Det går an å
Røyketelefo
800 400 85
du ikke vet h
spørre om.

**Dag 22**
Dersom du ennå ikke merker noen konkrete forbedringer, så vit at kroppen din har det mye bedre som røykfri.

**Dag 23**

**Dag 24**
Du har kontroll! For hver gang du motstår røyksuget, øker din kontroll over røyken!

**Dag 25**



*Legg merke
lukte- og sm
sans er blitt*

***Kryss av for hver dag du er røykfri!***

**Husk**

# røykfri hverdag

| | | | |
|---|---|---|---|
| | **Dag 5**<br>Godt gjort! Du er over halvveis i din første uke som røykfri.<br>Legg en plan for vanskelige situasjoner. | **Dag 6**<br>Et røyksug varer bare i noen minutter, og det fysiske suget blir gradvis mildere og forsvinner i løpet av 2-4 uker. | **Dag 7**<br>Gratulerer!<br>En hel uke som røykfri!<br>Belønn deg selv! |
| met langt!<br>kfrie dag<br>kroppen<br>edre. | **Dag 12** | **Dag 13**<br><br>*Hold fokus på målet ditt.* | **Dag 14**<br>Hurra!<br>Nå har du vært røykfri i to uker. Vær stolt! |
| ringe<br>nen<br>selv om<br>hva du skal | **Dag 19**<br><br>*Ut på tur!* | **Dag 20**<br>Røyksug kan forveksles med sultfølelse. Avled deg selv med noe annet enn mat: Puss tennene, drikk vann eller gå deg en tur. | **Dag 21** |
